

Forslag 1:

Sogndal Idrettslag Fotball skal vere pådrivar og ha eit sterkt ønskje om at sesongen so hovudregel skal begrensast til å føregå frå tildleg vår og til sein haust.

Begrunning:

Det er viktig at fotballen blir spelt når graset er grønt. Sjølv om fotballen so aktivitet har blitt ein heilårsidrett og mange lag har kunstgras, so er det ikkje slik at toppfotballen bør spelast året rundt. Toppfotballen er i underhaldningsbransjen og avhengig av tilskodarar. Det er ikkje naudsynt for norsk fotball å konkurrera med Klæbo, Kirkeeide og dei andre vintersportstjernene om TV-tid og merksemd. Det er ein tydeleg trend at tilskodartala er lægre jo kaldere det er når kampane spelast. Da vil vera ukløkt å spela fotball når interessa er låg og speleforholda er dårlege. Eit liknande forslag var spelt inn til Årsmøtet i 2022, men då fall forslaget med 6 mot 8 stemmer. Innstillinga frå styret den gongen var «Årsmøtet avviser framlegget, då dette kan hindre sportsleg utvikling.» Bodø/Glimt og Brann har bevist at det går fint an å hevda seg ute i Europa med dagens modell og den sportslege utviklinga i norsk fotball har teke enorme steg dei seinaste åra.

Forslagsstillar:

Vidar Vadseth